

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FA - S82	18/258

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/2018	Formannskapet	PS	23.10.2018

Innspel om viktige regionale interesser til nasjonal ramme for vindkraft på land.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek, og sender til NVE «Modalen kommune - Innspel om viktige regionale interesser til nasjonal ramme for vindkraft på land» slik denne ligg føre.

Liv Anne Aanensen fremma forslag om følgjande tillegg til innspel frå kommunen:

3. Naturvernområde

Tillegg:

Som verneområde er ikkje Stølsheimen landskapsvernombordet aktuelt som område for vindkraft, men det er likevel naturleg å vurdera kva verknad vindkraft i randsona til verneområdet kan få på verneverdiene inne i verneområdet jf. naturmangfoldlova § 49 der det heiter at: «Verneforskriften gjelder ikke for virksomhet som skjer utenfor vernegrensen. Det er derfor viktig at tilgrensende områder forvaltes på en slik måte at ikke verneverdiene innenfor verneområdet blir forringet.» Her vert det henvist til naturmangfoldlova § 6 om aktsomhetsplikt.

Føremålet med vern av Stølsheimen landskapsvernombordet er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske (verneforskrifta punkt III).

Og under punktet om friluftsliv:

5. Friluftsliv

Tillegg:

Sommaren 2017 vart det gjennomført ei brukarundersøking i Stølsheimen som ledd i arbeidet med besøksstrategi som verneområdet. Resultata viser at området er mykje brukt av innbyggjarane i dei kommunene Stølsheimen ligg, av regionale tilreisande (Bergensområdet) (til saman 80 %) samt av utlendingar (20 %). Ein stor del av dei besøkjande i Stølsheimen er turgåurar med interesse for tradisjonelle aktivitetar som vandring, hausting, jakt. Dei viktigste grunnane for å velge Stølsheimen

vert oppgitt å oppleva spesiell natur og at området er godt tilrettelagte med stiar og turisthytter.

http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/St%C3%B8lsheimen_dok/Planer%20og%20publikasjon%20/Bes%C3%B8ksstrategi/Rapport%20St%C3%B8lsheimen.pdf

Saksopplysningar:

Modalen kommune er i brev fra NVE d. 08.06.18 beden om å komme med innspel om viktige regionale interesser i arbeidet med å utarbeide ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Området vert identifisert som analyseområde 18.

Bakgrunn

NVE gjennomfører ei 5-stegs identifisering av områda i Noreg som er mest eigna for vindkraft. Det vert no innhenta fagleg informasjon av overordna karakter. NVE påpeikar i brevet at dette ikkje ei generell høyring av den nasjonale ramma for vindkraft.

Olje- og Energidep. vil førestå ei høyring av det som vert NVE sitt forslag til nasjonal ramme etter at denne er levert. Det vil i samband med *den* høyringa verte aktuelt for Modalen kommune å gje uttale forslaget.

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at det i innspelet frå Modalen skal takast med relevante faglege tema som er av regional interesse. Det er på noverande tidspunkt ikkje tatt stilling til for eller mot vindkraftutbygging i nemnte område.

Rådmannen vil bidra til å sikre at alle aktuelle personar, lag og organisasjonar som ynskjer å ha eit engasjement i vindkraftutbyggingssaker i Noreg, og især Modalen, skal kunne ha eit best mogleg kunnskapsgrunnlag for å kunne ta del.

Punkta som er inkludert i innspelet frå Modalen kommune til NVE skal vere faktabaserte og inkludert på eit allmenngyldig kunnskapsgrunnlag. Slik sikrar me at føresetnad for god demokratisk deltaking kan finne stad.

Konklusjon

Rådmannen sin konklusjon er at innspelet frå Modalen kommune er i tråd med førespurnaden frå NVE, og dekkjer viktige regionale interesser.

Formannskapet - 036/2018

FOR - behandling:

Ordfører orienterte om saka og bakgrunnen for kva som var teke med i framlegg til innspel. Liv Anne Aanensen fremma forslag om leggje til fleire innspel.

Ordførar to dei to forslaga opp til voting.

Liv Anne Aanensen sitt framlegg fekk to røyster: Liv Anne Aanensen og Kjetil Eikefet

Administrasjonen sitt framlegg fekk tre røyster: Tom Kristian Thorsen, Ann-Jorunn Farestveit og Linda Neset

FOR - vedtak:

Modalen kommune vedtek, og sender til NVE «Modalen kommune - Innspel om viktige regionale interesser til nasjonal ramme for vindkraft på land» slik denne ligg føre.

Vedlegg:

Innspel om viktige regionale interesser til nasjonal ramme for vindkraft på land

Analysearealer detaljkart

Nasjonal ramme for vindkraft på land .Innspel om viktige regionale interesser